

Forteljar vidare til nordisk meisterskap

Med ei historie frå barndommen kom Anne Elisebeth Skogen nesten til topps i nasjonalt meisterskap i FortellerSlam i helga. Nå skal ho og to andre vidare til nordisk meisterskap i Stockholm den 20. september.

Nils Hallvard Korsvoll

– Det var veldig kjekt å vera med på dette, og sjølv sagt å få så god tilbakemelding, seier Skogen. FortellerSlam er ein konkurranse der deltakarane framfører ei historie, som så vert vurdert og får poeng frå ein jury som er plukka ut frå publikum. – Det er nesten som Grand Prix, ler ho, med poeng og alt det der. Men eg ser at dette formatet hjelper å få unge menneske, og særleg menn, til å byrja med forteljing.

Gjenkjenneleg

Skogen fortalte ei historie ho har brukt

mykje, som handlar om sin eigen barndom. Historia handlar om kveldane med ønskekonserten då det var mørkt og ho måtte gå ned i kjellaren på do aleine. I barnesinnet var det nemleg alltid ein skummel mann som gjekk rundt huset.

– Kvar gong eg fortel denne historia får eg veldig stor respons frå både ungar og voksne, fortel Skogen. – Ungar sit heilt stille og formeleg grøssar, medan voksne kjem tilbake til sin eigen barndom, forklarar ho. Og det er i dette Skogen ser ein misjon med arbeidet sitt. – Å få folk til å minnast, og å tenkja og fortelja sjølv, det håpar eg å stimulera med forteljingane mine.

Forteljarkonkurranse

Skogen byrja med FortellerSlam i november i fjor, då Sting fortellerkafé i Stavanger inviterte ho til rogalandsmesterskap. Der kom ho på andre plass etter Henrik Årdal frå Stavanger, og begge to representerte Rogaland i Oslo i helga. Der vann Årdal igjen, og Skogen kom på andre plass. – Eg synest det er veldig kjekt at to forteljarar med så forskjellig stil vert verdsett mest like høgt. Nå skal dei to til



Anne Elisebeth Skogen.
Arkivfoto: Ryfylkemuseet.

Stockholm i september saman med Amir Mirzai som kom på tredje plass.